

Referat møte FAU 14.10.2020 kl 18.00:

Til stades:

1. trinnet	Helene Vikene	X
2a	Anette Angeltveit Thoresen	X
2b	Trond Harald Hystad	X
3a	Nelly Karin Særsten Oma	X
3b	Ingvild Grov Skulstad	X
4a	Eirik Skjelsnes Larsen	X
4b	Svenn Kåre Liodden	X
5a	Kristine Aasheim Imsland	X
5b	Karl Petter Østensen	X
6a	Christina Onarheim	X
6b	Hildegunn Gaustad	X
7a	Ina Marie Sagen-Roland	X
7b	Ingebjørg Grøsvik	X

Andre: Rektor, Pål Helland.

SAKLISTE:

01/20 - 21: ORIENTERING OM FAU SINE OPPGÅVER

Rektor, Pål Helland, hadde ein gjennomgang av FAU sine oppgåver. Orienteringa var i grove trekk basert på informasjon frå nettstaden fug.no. Her kan alle foreldre med born i skulealder finna mykje nyttig informasjon.

02/20 - 21: MØTEPLAN

Møte i forkant av møta i Skulemiljøutvalet?

Møte ei veke – 2 veker før møta i Samarbeidsutvalet?

Framlegg til møteplan:

Onsdag 18.11.20, onsdag 13.01.20, onsdag 17.03.21 og 26.05.21.

Vedtak:

Framlegget til møteplan vart vedteke utan endringar.

03/20 - 21: VAL

- **Leiar** / representant til Samarbeidsutvalet og Skulemiljøutvalet,
- **Nestleiar** / representant til Samarbeidsutvalet og Skulemiljøutvalet
- Sekretær

- 2 representantar til Skulemiljøutvalet
- 1 representant til KFU – Kommunalt foreldreutval
- Personlege varafolk for leiar, nestleiar og KFU-representant.
- Kasserar for stiftinga «FAU Hystad Skule».

Vedtak:

- **Leiar** / representant til Samarbeidsutvalet og Skulemiljøutvalet - **Svenn Kåre Liodden**.
- **Nestleiar** / representant til Samarbeidsutvalet og Skulemiljøutvalet/ vara for leiar – **Ingvild Grov Skulstad**.
- Sekretær – **Karl Petter Østensen**.
- 2 representantar til Skulemiljøutvalet – **Trond Harald Hystad** og **Ingebjørg Grøsvik**.
- 1 representant til KFU – Kommunalt foreldreutval – **Nelly Karin Særsten Oma**.
- Personleg vara for nestleiar – **Helene Vikene**.
- Vara for KFU-representant – **Christina Onarheim**.
- Kasserar – **Kristine Aasheim Imsland**.
- I tillegg vart **Ina Marie Sagen-Roland** vald til «Trafikkrepresentant», saman med **Ingeborg Ørjasæter**. Deira oppgåve blir å følgje opp det vidare arbeidet med Hjartesoner på Hystad Skule.

05/20 - 21: STIFTA FOREINGA “FAU HYSTAD SKULE”

Gjennomgang av stiftelsesdokument for foreininga FAU Hystad skule.

Vedtekter for foreininga FAU Hystad skule lagt ved referatet som eige vedlegg.

Rektor, Pål Helland, hadde utarbeida eit utkast både til stiftelsesdokument for foreininga «FAU Hystad Skule» og Vedtekter for foreininga «FAU Hystad skule». Begge dokumenta vart gjennomgått og diskutert i FAU. Kun små justeringar vart utført, Transponder vart lagt til som ekstra oppgåve på 4.trinn.

Formålet med denne stiftinga er mellom anna å gjera det lettare å søkje på midlar i ulike stipend og legat til utbetring av skuleområdet. Slike prosessar går enklare når FAU har ei foreining med eige organisasjonsnummer.

Vedtak:

Stiftelsesdokumentet vart signert av dei frammøtte i FAU, og rektor skulle saman med leiar i FAU, Svenn Kåre Liodden, etablere foreininga i Altinn. Framlegg til vedtekter vart også godkjent.

06/20 - 21: PROSJEKT HJARTESONE

Rektor informerer om status i prosjektet så langt.

FAU kjem med kommentarar til utkastet til Trafikksikringsplan.

“Kick-off” fredag 23.10.20. Rektor presenterte nokre moglege idear til “Kick-off”.

Etablere “Trafikk-gruppe” i FAU.

Vedtak:

FAU var imponert over arbeidet som var utført i forbindelse med utarbeidinga av trafikksikringsplanen som vart presentert. Ein kommentar som kom gjaldt saknet av ein «Hjartesone» i Ådlandsområdet. Her bør ein prøve å få til ei løysing på sikt.

FAU vil anbefale at dette dokumentet vert gjort kjent for alle foreldre og tilsette ved Hystad skule.

FAU, ved nyvald trafikkrepresentant Ina Marie Sagen-Roland, var uroleg for at 23.10.20 var ein alt for ambisiøs dato for «Kick-off». FAU vil gjerne at elevane skal eige prosessen med hjartesoner og få vera med på utforminga av opplegget. Det vart difor bestemt av me ikkje skulle setja noko eksakt dato for dette no, men at ein skulle komma tilbake til tidspunktet for oppstart når elevane hadde fått jobba litt meir med prosjektet. Ingeborg Ørjasæter, som var i FAU i 2019, ville gjerne vera med vidare som trafikkrepresentant saman med Ina Mare. Dette meinte medlemmer i FAU var ein veldig god ide for å sikre kontinuitet i det vidare arbeidet med å gjera Hjartesonekonseptet kjent og få dette satt ut i live.

07/20 - 21: ORDENSREGLAR FOR HYSTAD SKULE

Rektor har sjekka status på felles ordensreglement for Stord kommune. Her er svar frå Hans Dagfinn Reppen:

«Hei, nytt felles ordensreglement er ikkje vedtatt enno. Eg vil tru at dette først vil tre i kraft frå nyttår. Det betyr at det er dykkar gamle reglement som gjeld ei stund til.»

Vedtak:

FAU rår til at Ordensreglane for 2020-2021 vert godkjende slik dei føreligg, fram til felles ordensreglement for kommunen vert vedteke.

Skal godkjennast av Samarbeidsutvalet.

05/20 - 21: YMSE